



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
04.05.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/3825 522.1
Dykkar referanse
«REF»

Til:
Kommunane i Hordaland

Ekstra ramme - Tilskot til drenering av jordbruksjord 2018

Hordaland har fått lovnad om ny ekstratildeling for tilskot til drenering av jordbruksjord i 2018. Vi har løyvd alle tidlegare tilgjengelege midlar til kommunane, og har no fått melding om behov i kommunar som ikkje har meir att på ramma for tilskotet.

Vi har fått lovnad frå Landbruksdirektoratet om kr 600.000 i ekstra ramme.
Basert på konkrete saker i kommunane tildeler vi ekstra ramme til følgjande kommunar:

Kommune	Sum (kr)
Kvinnherad	330.000,-
Bergen	42.310,-
Fusa*	30.000,-
Samnanger*	30.000,-
Os*	20.000,-
Tysnes*	20.000,-
SUM	472.310,-

**Tilskot til kommunar med felles landbrukskontor kan fritt bli nytta på tvers av kommunegrensene.*

Vi har framleis ca kr 130.000 igjen til fordeling. Ta kontakt dersom de er tom for tilskotsmidlar i kommunen (inkludert inntrekte midlar etter utgått arbeidsfrist), og framleis har konkrete behov. Vi vil då tildele ekstra midlar for kvar konkrete sak, så lenge vi har pengar att.

Vi ber også om at alle vedtak med kopi av fullstendig søknad, fortløpande blir sendt inn til Fylkesmannen for registrering i tilskotssystemet.

Vi minner om frist 31. oktober for sakshandsaming 2018, slik at Fylkesmanen kan omfordele ubrukte midlar i kommunane til kommunar med behov jf. forventnings- og tildelingsbrev sendt 23.02.2018.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.